

## SOGA UM DAUDING-SKIPET

**F**ar aatte ei liti kraambu i Balsora. Han var korkje rik eller fatig, men hadde nett so mykje at han var velberga.

Han ól meg upp som folk flest, og eg vart snart so stor at eg kunde hjelpa til paa bui. Daa eg var attan aar gamal, døydde han, sovidt eg kann skyna mest av ank over tusen gullpengar han hadde sett i ein skipspart.

Eg laut snart prisa han säl, som burte var. For nokre vikor etter frette me, at same skipet far hadde part i, var forlist.

Eg for min part vart ikkje knekt av denne vanheppa. Eg gjorde all medelen vaar i pengar og tok ut i verdi, vilde freista lukka. Berre ein gamal tenar fylgde med. Han hadde vore hjaa oss i mange, mange aar og vilde ikkje skiljast fraa meg.

I Balsora gjekk me um bord i eit skip som skulde til India. Det var god bør, daa me letta

anker. Men daa me hadde vore ute ei fjortan dags tid meinte kapteinen ein dag at me laut bu oss paa storm. Sjølv saag han heller ottefull ut; han var lite kjend paa denne leidi.

Me tok segli ned og berre dreiv med straumen. Natti kom. Det var klaarvêr og kaldt, og kapteinen tok til aa tru, at han hadde teke i miss. Men best det var, strauk eit skip me ikkje fyrr hadde set, tett framum oss. Ville rop og larm og staak lyddest ifraa dekket der, og eg laut storleg undrast paa, at dei vilde halda slikt syndigt leven um bord helst no som uvêr var ventande. Men kapteinen som stod jamsides meg vart naableik med eitt.

«Skipet mitt kjem til aa gaa til grunns,» ropa han. «Der sigler dauden.»

Fyrr eg vann aa spyrja kva han meinte, kom skipsfolket farande:

«Saag de det!» skrek dei. «Det er ute med oss!»

Kapteinen bad høgt ei bøn, og sette seg sjølv til rors. Men faafengt var det. Stormen kom farande og auka paa for kvar stundi. Og fyrr ein time var liden, støytte skipet paa grunn. Baatane vart sette paa vatnet og ikkje fyrr var siste matrosen komen nedi, so sokk skipet for augo paa oss.

Men faaren var ikkje slutt for det. Stornen øste havet upp, og baaten var snart ikkje styrande.

Eg heldt den gamle tenaren rundt halsen og me lova kvarandre, at me ikkje vilde skiljast.

Endeleg lyste det av dag. Men stormen vart hardare ut paa morgonsida, tok baaten og kvelvde han. Eg uvita i det same eg kom i sjøen. Daa eg vart ved sansar att sat den gamle trugne tenaren og heldt meg fast paa baatkvelven. Stormen hadde lagt seg no. Men skipet. Me var komne nær inntil, men alt det av skipsfolki heller.

Men ikkje langt undan vardest me no eit anna skip, som me dreiv burt imot. Daa me kom inn-til, saag eg at det var det same skipet me hadde set um natti og som hadde sett slik støkk i kapteinen og mannskapet.

Det stod ein underleg kaldtokke av dette skipet. Me var komne nær inn-til, men alt det me skreik etter hjelp, svara ingen oss. Og ingi folk saag me umbord. Me vart baae fælne. Likevel kom skipet som sendt ifraa Gud, og me laut vera glade me kom oss um bord. Nedetter skipssida hekk eit langt tog. Me bala oss burt til det og fekk tak i det.

Fyrst skreik eg paa folk so høgt eg kunde. Men det var stilt som i gravi um bord. So entra me oss upp etter toget. Eg fyrst, som lettast var.

Men du føle makt, kva maatte eg ikkje sjaa, daa eg kom upp paa dekk! Heile dekket var raudt av blod. Tjuge, tretti lik i tyrkisk bunad

laag spreidde burtetter dekket. Burtved stormastri stod ein mann i staselege klæde, med sabel i hand. Andletet var bleikt og avlaga, og gjenom panna stod ein stor nagle driven heilt inn i mastri.

Eg vart mest stiv av redsle og vaaga snaudt aa draga pusten. Endeleg var tenaren min og komen upp. Han vart ikkje mindre forstøkt, han enn eg, kann ein vita.

Langt um lenge tok me mod til oss og gjekk lenger. For kvart steget me tok, laut me snu oss og sjaa, um det ikkje hende noko endaa skræmelegare. Men alt var som fyrr. Ikkje ei levande sjel aa sjaa, andre enn me sjølve.

Endeleg kom me til ei tropp som bar nedunder dekk. Uviljande stogga me her og saag paa kvarandre.

«Aa herre,» sa den trugne tenaren. «Her maa ha hendt noko grøtelegt. Men um so skipet er fullt av draapsmenner, vil eg heller gaa lukt i armane paa dei enn vera lenger saman med desse liki.»

Eg tenkte som han, og me tok mod til oss og steig ned. Men det var stilt som i gravi her med; det svara i dei aude romi for kvart steget me tok. Me stogga upp utanfor kahytt-døri. Eg la øyra til lykleholet og lydde etter. Alt var stilt. Eg skauv upp døri. Alt laag i ustell. Klæde, vaapen og anna um kvarandre.

Mannskapet, eller i minsto kapteinen, maatte

ha sete og drukke for ikkje lenge sidan, for vinen laag endaa og flaut burt-etter bordet.

Me gjekk fraa rom til rom. Allstad fann me gildt silkety, kostelege perlor, og gull i mengd. Me aat og drakk av det me fann, og det var flust upp av allslag. Daa me var mette, steig me upp paa dekk att.

Men her saag det like følsleg ut. Me kom tilliks um, at me skulde velta liki i sjøen og vaska burt alt blodet.

Men eg skal segja, me vart fælne, daa det synte seg at ikkje eit einaste eitt lét seg rugga or plassen. Dei laag som dei var neglde. Me maatte ha brote upp dekket, skulde me fenge dei burt; men til det hadde me ikkje verkty. Heller ikkje kunde me faa kapteinens laus fraa mastri. Me var ikkje god til aa faa sabelen ut or handi hans, dimeir.

Det vart ein syrgjeleg dag. — Daa kvelden kom, bad eg gamle Ibrahim leggja seg til aa sova, so skulde eg sjølv halda vakt. Men daa maanen kom upp, — klokka kunde vel vera paa lag elleve, — vart eg so svevnug, at eg berre seig ende ned attmed ei tunne, som stod paa dekk, og sovna.

Men det var nok meir dvale enn svevn. For eg høyrdie skilleg, koss sjøen braut imot skipet, og segli blaffa og slo i vindien.

Best det var, totte eg at eg høyrdie manna-maal og trød og trakk paa dekk. Eg vilde reisa

paa meg og sjaa etter; men det var plent som eg vart halden med makt. Eg var ikkje god til aa faa augo upp eingong. Men mannsrøy-stene høyrde eg betre og betre; det var plent som balstyrne matrosar fór kringum paa dekk. Stundimillom totte eg, at eg høyrde kommando-rop, og tòg og segl som slo mot mastri.

Smaatt um senn vart svevnen djupare. Men eg totte endaa, at eg høyrde som i ein draum, at folk slost med blanke vaapen.

Eg vakna ikkje, fyrr soli stod høgt paa him-melen. Undren saag eg ikring meg. Stormen, skipet, daudingane og alt det eg hadde høyrt um natti stod enno for meg som ein fel draum.

Men daa eg skulde sjaa meg til, var alt som dagen fyreat. Urørlege laag liki der dei hadde lege. Urørleg stod kapteinen negld til mastri.

Eg lo aat draumen min og stod upp, gjekk ned til gamle Ibrahim.

Han saag paa meg med vitskræmde augo.

«Aa herre!» ropa han. «Eg vil heller lig-gja paa havsens botn enn vera her ei natt til.»

Eg spurde kva som stod paa, og han svara:

«Daa eg hadde sove eit par timar, vakna eg og høyrde, at det gjekk att og fram paa dekk. Eg tenkte fyrst, det var du. Men sidan høyrde eg, at det var minst tjuge, som sprang ikring, ropa og skreik. Til slutt kom tunge manns-steg ned troppi. Sidan visste eg ikkje meir

til meg. Berre av og til var det som eg vakna ein augneblink, og daa saag eg den same mannen som stod negld til mastri paa dekk sitja paa den stolen der, og syngja og drikka. Og han som ligg jamsides med han paa dekk i raude skarlaksklæde, han sat attmed og drakk.»

So fortalte den gamle tenaren.

De kann tru, eg vart til mode. Eg hadde daa òg høyrt daudingane. Aa sigla med slikt eit fylgje var ikkje hugnadlegt.

Ibrahim sat og gruna paa noko.

«No veit eg det,» ropa han. Han kom i hug eit vers som bestefar hans hadde lært han og som skulde hjelpe mot allslags trolldom. Han meinte paa, at dette verset skulde hjelpe for den tunge svevn-dvalen næste natt, helst naar me av hjarta bad til Gud.

I stor otte venta me paa natti. Attmed kahytta var eit lite kammers. Der vilde me sitja. Me bora fleire hol i døri, so me kunde sjaa over heile kahytta. Sidan stengde og læste me att, og Ibrahim skreiv Guds namn paa alle fire veggene. Dermed gav me oss til ro.

Klokka kunde vel vera paa lag elleve, daa eg vart so tung og svevnug, at eg mest ikkje kunde halda augo uppe. Gamlingen raadde meg daa til aa lesa ei bøn, og det hjelpte.

Best det var, var det som alt livna paa dekk. Tog og segl slo mot mastri. Trød og trakk

høyrdest paa dekk, og me skilde greidt fleire mannsrøyster.

I fleire minutt sat me med anden i halsen og lydde etter. Daa høyrde me einkvan koma ned kahyttstroppi. I det same tok gamlingen til aa lesa verset sitt som bestefaren hadde lært han:

Kjem de or lufti?  
Stig de or djupe kav?  
Or kyrkjegardstufti?  
Eller or logehav?  
Gud kann dykk byda!  
Han lyt de alle lyda!

Eg lyt vedgaa, at eg ikkje hadde stor tru paa dette verset. Og eg kjende haaret strita ende til vêrs paa meg, daa kahytsdøri gjekk upp.

Inn kom den store, staute mannen som hadde vore negld til mastri. Naglen stod enno tvert igjenom hovudet. Men sverdet hadde han stukke i slira. — Etter han kom det ein annan mann som var noko ringare klædd. Han med hadde eg set liggja lik paa dekk.

Kapteinen, — det saag me, han var, — var bleik i andletet og glodde ikring seg med stygge, ville augo. Eg kunde so skilleg sjaa han, daa han strauk frammed døri vaar; men han kom ikkje inn.

Baae sette seg attmed bordet midt i kahytta; det var likt til dei tretta med kvarandre

paa eit maal me ikkje skyna. Dei vart meir og meir høgmælte med kvart, til kapteinen sist paa slo med knytte neven i bordet, so det svara i veggene. Den andre lo raatt og hytta til kapteinen, at han skulde fylgja. No reis dei upp baae two og gjekk ut att.

Me drog anden lettare, daa dei var burte. Men støkken sat endaa lenge i oss. Meir og meir sjau vart det paa dekk. Me høyrde koss dei sprang att og fram, skreik og bar seg. Til slutt vart det eit staak som vøre heile helvete laust. Me berre sat og venta paa, at dekket skulde brotna ned.

Best det var, vart det stilt som i gravi att. Daa me fleire timar etterpaa vaaga oss upp, var alt som fyrr. Ikkje ein av dei hadde leda paa seg; alle var stive som trepinnar.

Paa denne maaten gjekk fleire dagar um bord paa skipet. Me dreiv heile tidi mot aust der eg tenkte land maatte liggja. Men endaa me um dagen gjerne kunde ha sight fleire mil, saag det likevel ut til, at me reiste same vegen attende um natti. For me laag alltid paa same flekken, naar soli reis upp.

Me freista aa finna ei raad mot dette, og so tok me alle segli medan det var dag og brukta same raadi som i kahytta: Me skreiv Guds namn paa pergament og batt dette um segli. Denne gongen vart larmen verre enn fyrr. Men

um morgonen laag segli som daa me gjekk  
fraa dei.

Me sette no til so stor seglføring som turv-test og kom paa ei fem dagars tid eit munar-legt stykke fram. Endeleg um morgonen den sette dagen timde me land langt burte, og me takka inderleg Gud som hadde berga oss.

Denne dagen, og natti etter, dreiv me burt imot ei strand, og sjuande morgonen saag me ein by ikkje langt burte.

Det vart ikkje lite mas med aa faa anker ut. Daa det var gjort, sette me ein baat paa vatnet og rodde av all makt inn til byen.

Ved byporten spurde me oss fyre, kva sta-den heitte og fekk vita, at det var ein by i India, ikkje langt ifraa den eg fyrst hadde tenkt meg til.

Me tok no inn i eit herbyrge og gjorde oss til gode med det beste som i huset baudst, ovanpaa denne eventyrlige ferdi.

Eg spurde verten etter ein vismann, helst ein som skyna seg paa trolldom. Han fylgte meg burt til eit tront smog og stansa upp utanfor eit armodslegt hus. Der skulde eg spyrja etter Muli, sa han.

Daa eg kom inn, møtte eg ein gamal mann med graatt skjegg og ei urimeleg lang nase. Han spurde kva eg vilde, og eg sa, at eg vilde finna den vise Muli. Han svara daa, at det var han, det. Og eg bad han segja meg kva

raad eg skulde ha med daudingane, so eg kunde faa dei ut or skipet.

Til dette svara han, at so vidt han kunde skyna hadde skipsfolket vorte forgjort for ein-kvan udaad dei maatte ha gjort. Men han meinte som so, at trolldomen maatte kunna løysast berre ein fekk dei paa land. Men dette fekk ein venteleg ikkje til, minder ein skar sund plankane dei laag paa. Skipet tilkom med rette meg, med alt som i det var, med di eg hadde funne det. Men han vilde raada meg til aa halda alt dult, so lenge. Og vilde eg gjeva han nokolite for umaken, skulde han hjelpa meg med aa faa daudingane burt.

Eg lova han rikeleg løn for verket. Og me gav oss paa vegnen med fem trælar som hadde med seg sag og øks.

Vismannen lét vel over det gode paahittet vaart med aa skriva Guds namn paa segli. Det var einaste raadi i slike høve, meinte han.

Det var enno tidleg paa dag, daa me kom ut til skipet. Me gjekk straks i gang med arbeidet, og paa ein times tid hadde me saga fire mann laus.

Eit par trælar laut daa ro i land med desse fire og grava dei ned. Dei fortalte, daa dei kom att, at liki hadde spart dei bryet med aa grava grav; for aldri so snart kom dei ned paa marki, so kvarv dei burt i inkjevetta med ein gong.

Me dreiv paa og saga liki laus, og fyrr kvel-

den kom, var alle komne paa land. Berre han som stod negld til mastri var att.

Me bala lenge med aa faa naglen or mastri, men han lét seg ikkje rikka ein tume. Me visste ikkje kva raad me skulde triva til, for me kunde daa ikkje hogga mastri ned, berre so me skulde faa han paa land.

Men her fann Muli paa raad. Han sette trælane til aa henta noko mold ifraa land, las eitkvart over, og riste ho ned over hovudet paa liket.

Straks lét mannen augo upp og drog anden djupt. Og saaret etter naglen tok til aa bløda.

No var det lett aa faa naglen ut, og mannen tumla i koll ned paa dekk.

«Kven hev teke meg hit?» spurde han, so snart han kom seg, sovidt han kunde tala.

Muli peika paa meg, og eg gjekk burt til han.

«Storleg takk skal du ha, framandmann! Du hev frelst meg or ei lang pine. I femti aar hev kroppen min lote fara paa sjøen. Og kvar einaste natt var sjeli fordømd til aa venda attende til han. Men no hev hovudet mitt kome jordi nær, so no er eg løyst og kann faa kvila i fred.»

Eg bad han fortelja, koss han var komen i denne fælslege stoda, og han svara:

«For femti aar sidan var eg ein rik og velvyrd mann og budde i Algier. Men havesykja

tok meg, so eg reidde ut eit skip og gav meg til aa vera sjørøvar. Eg hadde halde paa med dette ei lang tid. Men so var det ein gong eg tok um bord ein prest som skulde faa fara fritt til den og den byen.

Eg og folki mine var raa-tassar, som svi-vyrde denne heilagmannen og berre gjorde ap med han.

Ein gong, i heilag harm tok han meg i skule for dette syndelivet mitt, og daa vart eg reint ifraa meg av sinne. Eg hadde nett sete og drukke i lag med styrmannen, og no vart eg heilt fraa sans og vit, so harm vart eg, av di denne presten vaaga aa segja til meg slikt eg ikkje vilde tolta av ein konge.

Eg for upp paa dekk og sette kniven i bringa paa han. Døyande banna han meg og heile mannskapet. Me skulde korkje faa leva, eller døy fyrr hovudet vaart kom jordi nær.

Presten døydde. Me slengde han i havet og lo aat trugsmaalet hans. Men same natt gjekk det i uppfylling alt han hadde sagt. Nokre av mannskapet sette seg upp imot meg. Me slost med kvarandre, men dei som heldt med meg og var trugne, vart drepne, ein for ein, og sjølv vart eg negld til mastri.

Men motparten hadde òg fenge banesaar. Og snart var skipet berre ei einaste stor lik-kiste. Eg med kjende, at hjarta heldt upp aa slaa og meinte, at dette var dauden. —

Men det var berre ein daudedvale. Kvelden etter, i same stund me hadde slengt presten over bord, vakna baade eg og skipsfolket mitt. Men me kunde berre segja og gjera umatt som me hadde gjort kvelden fyreaat.

Soleis hev me no sight i femti aar. Me fær ikkje leva og ikkje døy. For korleis skulde me koma til lands? Um natti sette me alle segl til, for me hadde den voni at me kunde faa renna skuta paa grunn, so me fekk kvila dei trøytte hovudi vaare paa havsens botn. — Me hev ikkje fenge det.

Men no fær eg døy. Endaa ein gong takkar eg deg, ukjende frelsarmann. Kann rikdom løna deg, so tak skipet og alt som i det er.»

Daa kapteinien hadde sagt dette, seig hovudet ned paa bringa, og død var han. Han kvarv i hop plent som alle hine. Smulret etter han sanka me upp og grov det ned i land.

I byen leideg eg arbeidsfolk, som sette skipet i god stand. Eg hyrde matrosar og for heim att til mitt eige land. Muli gav eg rike gaavor.

Eg tok ikkje beinvegen heim. Eg var først innum fleire øyar og land og baud fram varone mine. Gud signa strevet mitt, so at eg um eit halvt aars tid var eingong til so rik som daudingkapteinien hadde gjort meg.

Daa eg kom til Balsora, vart folk reint forstøkte for alt eg hadde sanka i hop og kunde

ikkje anna tru enn at eg maatte ha funne ei gullgruve einkvan stad. Eg lét dei sjølv sagt tru kva dei vilde. Men her etterdags plar ungdomane i Balsora taka ut i verdi alt i attan-aarsaldren og freista lukka.

Eg gav meg til for godt i Balsora, og hev levt der i fred og ro i mange aar. Men kvart femte aar gjer eg alltid ei ferd til Mekka og takkar Herren for hans naade og bed han taka den arme kapteinen og skipsfolki hans til seg i sin himmel.»

Dagen etter, daa karavanen var komen til kvilestaden, sa Selim, framandkaren til den yngste kjøpmannen: «De er nok den yngste her i laget. Men De er jamt so lettlynd og glad. Vil De ikkje fortelja oss ei soge som kann setja kveik i oss?»

«Eg kunde nok alltid fortelja eitkvart,» svara Muley. «Men dei eldste lyt gaa fyrst. Zalevkos er stødt so myrk og sorgal. Skulde ikkje han vilja fortelja oss, tru, um det som hev gjort livet hans so tungt. Kann henda gjer det han godt aa letta hugen for felagar som berre vil han vel.»

Den han tala um var ein gresk kjøpmann i firtiaarsalderen. Han var ven aa sjaa til og traust, men jamt sorgal og hugtung. Han hadde berre *ei* hand, og so trudde fleire av

ferdamennene, at dette kann henda var aarsaki til tunglyndet hans.

Zalevkos svara som so:

«Muley segjer, eg er tunglyndt og hugsjuk. Ja no skal de høyra, kva det er som hev gjort meg slik. De ser, eg hev mist vinstre handi. Det hev ikkje vore so fraa fyrst av. Eg laut av med ho i den fælaste stundi eg hev levt. Um det var mi eigi skuld eller ei, fær de sjølve døma um, naar de høyrer